

Fra: Mari Vold (marivold@stud.ntnu.no)
Sendt: 21.09.2016 11:33:09
Til: postmottak@adm.ntnu.no
Kopi:

Emne: Høringssvar campusutvikling

Vedlegg:

La Høgskoleparken ligge, sats heller på alternativ sør!

Det uroar å lese at arbeidsgruppa vil ta av Høgskoleparken for å bygge ut Elgeseter-alternativet.

Rapporten ber preg av kortsiktig tenking, både i forhold til bruk, storleik og plassering av areal, og det er ikkje ein måte å skaffe seg eit godt ettermæle på.

Høgskoleparken har gjennom tidene vore verna i praksis. Å skulle gå bort frå dette vil gi eit taktskifte kor ein uerstatteleg park blir forkasta til fordel for bygg som fint kunne stått ein annan plass. Det vekker reaksjonar og blir opplevd provoserande.

Høgskoleparken, inkludert det som i rapporten noko nedsettande blir kalla "vestskråningen" er eit viktig rekreasjonsområde. Parken er ei arv med lang historie, og vedkjem både studentar og andre innbyggjarar i Trondheim. Aktivitetene er mange, organiserte eller individuelle; vennegjengar, linjeforeningar, mosjonistar og sirkusartistar, for å nemne noko.

Høgskoleparken er ikkje eit skilje mellom Campus og byen, men ein felles plass for aktiviteter av ulike slag.

Rapporten nemner at Elgeseter-alternativet har sine avgrensingar når det kjem til plass. Alternativ sør har derimot større areal, og desse blir sjeldan eller aldri blir brukt til andre formål som kjem i konflikt med ei eventuell utbygging. Området er generelt stille, og kunne hatt godt av å få fleire bygg og menneske til å skape liv og aktivitet. Ei utbygging her vil også tiltrekke seg andre bedrifter og vere utviklande for området i eit langtidsperspektiv. NTNU er ein insitusjon som bør vere i stand til å tenkje langsiktig.

Moglegheitene er fleire og potensialet større for alternativ sør.

Der alternativ vest søker å utvide det vi allereie har, er alternativ sør for dei som vågar å satse nytt, større og betre. Det er no mi meining.

Mari Vold
(Avgangstudent vår 2017, Bygg- og miljøteknikk)